



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
fylkesberedskapssjef Stine Sætre, 71 25 84 85

Vår dato  
07.10.2015  
Dykkar dato

Vår ref.  
2015/5853/STSA/  
Dykkar ref.  
«REF»

Kommunane i Møre og Romsdal  
v/Ordførar, varaordførar og beredskapskontakt

### **Kommunal beredskap og krisehandtering – samling for ordførar, varaordførar og beredskapskontakt**

Fylkesmannen viser til tidelgare førehandsvarsel i vårt brev om kommuneretta aktivitet innanfor samfunnstryggleik og beredskap den 11.02.2015, og vil med dette invitere til eit fagseminar om ordførarrolla i beredskap og krisehandtering på **Alexandra hotell i Molde 12. november**. Målgruppa er *nyvalde og attvalde ordførarar og varaordførarar*. Ofte er det nettopp varaordføraren som må hive seg rundt den dagen noko skjer. I tillegg vil vi invitere beredskapskontakten til å delta. Det blir ein kort gjennomgang av rammer og regelverk for kommunal beredskap og krisehandtering, nokre praktiske oppgåver og litt trening med mikrofon og kamera. Mest av alt blir det erfaringsdeling frå ordførarar som har vore ute våte haustkveldar og mørke vinternetter før.

Den 11. november inviterer fylkesmannen til ein samling om kommunereforma med delvis overlappende målgruppe, og fylkesmannen vil difor dekke kostnader for middag og overnatting mellom arrangementa for dei som deltek begge dagar. Det blir ein eigendel for samlinga den 12. november på 900 kr.

Påmeldingsskjema for dagen ligg på fylkesmannen sin nettstad, [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), under lenka «kurs og konferansekalender» nedst på sida.

**Frist for påmelding: 25.10 2015.**

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til på telefon 71 25 85 05/ 71 25 84 09 eller e-post: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no). Spørsmål om programmet eller opplegget kan elles rettast til Stine Sætre på telefon 71 25 84 85 eller e-post [stine.sætre@fylkesmannen.no](mailto:stine.sætre@fylkesmannen.no).

Med helsing

Stine Sætre (e.f.)  
fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg: Program for dagen

# Ordførardag

## – kommunal beredskap og krisehandtering

Alexandra hotel i Molde, 12. november 2015

### Program

0830 – 09:00	<b>Registrering</b>	
0900 – 0915	<b>Velkomen</b>	<b>Lodve Solholm</b> Fylkesmann i Møre og Romsdal
0915 – 0945	<b>Beredskap og krisehandtering som kommunalt handverk</b> Kort gjennomgang av rammer og regelverk for kommunal beredskap og krisehandtering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Den kommunale beredskapsplikta</li> <li>• Kommunen sin plass i den nasjonale beredskapen</li> <li>• Relasjonen mellom kommunane og fylkesmannen</li> </ul>	<b>Stine Sætre</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal
0945 – 1015	<b>Ikkje akkurat det eg gjekk til val på ...</b> Erfaringsdeling frå ordførarar som har vore ute ein haustkveld før <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om skredet i Todalen</li> </ul>	<b>Lilly Gunn Nyheim</b> ordførar i Surnadal
1015 – 1030	<b>Pause</b>	
1030 – 1130	<b>Ikkje akkurat det eg gjekk til val på ...</b> Erfaringsdeling frå ordførarar som har vore ute ein haustkveld før <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om Veslemannen og alt hans vesen</li> <li>• Om Dagmar og andre trollkjerringar</li> </ul>	<b>Lars Olav Hustad</b> ordførar i Rauma  <b>Jan Ove Tryggestad</b> ordførar i Stranda
1130 – 1230	<b>Føremiddagsmat</b>	
1230 – 1415	<b>Kva gjer vi dersom ..?</b> Ei aldri så lita krisehandteringsøving. Gruppediskusjonar, plenumsgjennomgang og smaksprøver av praktisk medietrening.	<b>Stine Sætre</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal  <b>Odd Kristian Dahle</b> TIBE samfunn
1415 – 1430	<b>Pause</b>	
1430 – 1500	<b>Krisekommunikasjon og mediehandtering i 2015, 16, 17, 18 og 19 ...</b> Korleis arbeider media, korleis fungerer sosiale media og korleis kan kommunen bruke tradisjonelle media og nye media til å nå ut når det trengst som aller mest?	<b>Odd Kristian Dahle</b> TIBE samfunn
1500 – 1515	<b>Oppsummering og avslutning</b>	<b>Stine Sætre</b> Fylkesmann i Møre og Romsdal